

NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

REFERAT FRÅ MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 14. DESEMBER 2010

I OBSERVATORIEGATA 1B, KL. 8.30-15.45

Til stades: Grete Riise, Unn Røyneland (frå kl. 11), Åse Wetås, Karin Magnetun, Svend Arne Vee, Ragnhild Bjørge, Tore Elias Hoel (til kl. 15.30), Marit Hovdenak og Aud Søyland

Journalist Astrid Dypvik var med på møtet frå kl. 14.45 til møteslutt.

Framlegg til sakliste:

- I. Godkjenning av innkalling, referat, sakliste og tidsplan
- II. Sidan sist
- III. Aktuelle oppgåver
- IV. Høyringsmøtet 21. februar 2011
- V. Nokre signalord
- VI. Ny gjennomgang av norma – formverket

I. GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT, SAKLISTE OG TIDSPLAN

Møtet var fastsett i møteplanen vår. Førerebels innkalling vart send ut 3. desember.

Oversyn over alle vedtak frå fyrste runde vart lagde ut i arbeidsrommet til nemnda 30. oktober.

Samla sakspapir vart sende ut 12. desember.

Det var semje om at resultata av andre gjennomgang skulle leggjast ut samla etter dette møtet. Derfor vart det laga ein kortversjon av referatet frå møtet 9. november. Dette referatet vart lagt ut i arbeidsrommet eit par dagar etter møtet og godkjent via e-post. Deretter vart det lagd ut på nettsida vår.

Den lange versjonen med andre gongs gjennomgang av vedtaka om lydverk har nemnda fått tilsendt på e-post. Dessutan ligg han i arbeidsrommet.

Vedteken sakliste står ovanfor.

II. SIDAN SIST

11. november var Grete Riise og Aud Søyland på møte med fagråd 3 (fagråd for normering og språkobservasjon) og fagråd 2 (fagråd for skule og offentleg forvaltning). Referat frå møta ligg i arbeidsrommet til nemnda.

Advokat Kristine M. Madsen var i kontakt med Utdanningsdirektoratet veka etter sist møte i rettskrivningsnemnda, med tanke på at nemnda skal få tilgang til eksamensvar frå vidaregåande skular i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Førebels svar frå Utdanningsdirektoratet har vore negativt.

Karin Magnetun har funne framlegg til tekstar som kan brukast som døme på korleis den nye rettskrivinga blir sjåande ut.

Det har vore fleire medieoppslag som Meltwater ikkje har fanga opp, fordi denne klipptenesta berre fangar opp elektroniske artiklar. Nemnda burde kanskje få tilgang til ei teneste som fangar opp pressekliipp frå papiraviser.

Andreas Bjørkum har kome med ein del innspel til nemnda som blir refererte under kvart punkt.

III. AKTUELLE OPPGÅVER

Dette har me i blokka:

- Grete Riise skal møta det nye styret i Språkrådet 15. desember.
- Grete Riise og Aud Søyland skal ha møte med sekretariatet i Språkrådet og med fagråd 3 12. januar 2011.
- Grete Riise skal ha møte med rektorane for vidaregåande skular i Hordaland 17. februar 2011.
- Grete Riise og Aud Søyland skal ha møte med styret i LNK 22. februar 2011.
- Helga 8.-10. april er det landsmøte i Noregs Mållag og samtidig årsmøte i Det Norske Teatret og litteraturselskapet i Det Norske Samlaget. Noregs Mållag har bedd om ei orientering om rettskrivningsarbeidet på landsmøtet sitt, og det same kan vera aktuelt dei andre stadene.
- Tore Elias Hoel skal på Universitetet i Bodø og informera om arbeidet vårt for norskstudentar og lærarstudentar.
- Det kan elles vera aktuelt å skriva fleire artiklar til nettstader for å få reaksjonar på arbeidet vårt.
- Vidare blir det truleg aktuelt å besøkja lag som vil ha orientering om arbeidet vårt.

IV. HØYRINGSMØTET 21. FEBRUAR 2011

Marit Hovdenak orienterer om det som er planlagt frå sekretariatet si side så langt.

Høyringsinstansar har for lengst fått invitasjon, men må få ein ny formell invitasjon med program.

Jan Olav Fretland har sagt ja til å vera møteleiar.

Ottar Grepstad bør truleg innleia om mandatet, deretter svarar Grete Riise på det. Innlegga deira bør kunna leggjast ut på nettet samtidig med at dei blir haldne, slik at presse over heile landet får tilgang.

Elevane ved Elvebakken vidaregåande vil gjerne framføra nynorskrappen sin.

Me bør be om førebudde innlegg som òg blir leverte skriftleg. Men det bør vera ein bok med frie meiningsytringar til slutt.

Innspel som nemnda skal ta med seg, må leverast skriftleg. Fristen kan vera slutten av den veka då høyringsmøtet er.

V. VURDERING AV NOKRE SIGNALORD

Nokre "signalord" har vore oppe i nemnda ved eit par høve tidlegare:

<i>berr</i> [bar]	<i>kjøra</i> el. <i>køyra</i>	<i>nokon</i> [noen]
<i>berre</i> [bare]	<i>mye</i> el. <i>mykje</i>	<i>skole</i> el. <i>skule</i>
<i>da</i> el. <i>då</i>	<i>no</i> [nå]	<i>så</i> [so]

Framlegg til ny rettskriving

<i>berr</i>	<i>køyra</i>	<i>nokon</i>
<i>berre</i>	<i>mykje</i>	<i>skule</i>
<i>da</i> el. <i>då</i>	<i>no</i> el. <i>nå</i>	<i>so</i> el. <i>så</i>

VI. NY GJENNOMGANG AV NORMA – FORMVERKET

Nemnda har no gått gjennom alle vedtak to gonger. Vedtaka frå møta i november og desember er samla i eit eige oversyn som blir lagt ut på nettsida saman med referatet.

I januarmøtet skal nemnda finpussa argumentasjonen i innstillinga som skal ut til høyring. Dokumentet blir lagt ut til høyring så snart som råd etter januarmøtet.

Aud Søyland refererte.